

REGULERINGSPLAN FOR DEL AV

KVÅLE, GNR. 69, BNR. 1

TOKKE KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER

1. I området for steinbrot skal det drivast uttak og knusing av stein. Uttak skal skje i samsvar med reguleringsplankartet.
2. Grunnplansnivå er kote 640. Uttak skal skje i pallar slik visa på kartet, til kote 650, 660 og eventuelt 670.
3. Uttak på ulike pallnivå skjer ut frå fjellkvalitet og rasjonell drift. I driftstida kan det derfor skje avvik frå kartet, men det skal takast sikte på at området ved avslutning er mest mogleg i samsvar med reguleringskartet. Større, permanente avvik skal skje i form av revisjon av reguleringsplanen.
4. Matjord, laus- og skrapmasser skal lagrast for seg, og nyttast til å setje området i permanent stand etter uttaket av stein.
5. Mot veg og busetnad – som ligg langt unna – er det avsett buffersone. Då uttak av masser og knusing ligg inne i ein kvæv, reknar ein ikkje med nokon trong for ekstra tiltak mot støy og støv. Om desse spørsmål likevel skulle bli reist, skal saka drøftast med berørte partar.
6. Etter avslutta drift skal området planerast og tilsåast til landbruksareal med grasproduksjon. I randsona kan det vera aktuelt med planting av skogstre.
7. Avslutning av massetaket, med arrondering, avrunding av palltoppar, maskinrensk av skjeringar, ev. gjerde på utsette stader og opprydding, skal skje i samråd med kommunen. Eit siktemål er at området ikkje blir ståande att som eit sår i landskapet, men glir mest mogleg inn i det omkringliggende naturlege terreng.
8. Reguleringsplanen med føresegner skal gjelde for 10 år. Den kan reviderast ved behov undervegs, og også forlengast.

Revidera: 4.1.05